

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-255
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
093/23	Alver formannskap	09.11.2023

Retta emisjon – Gløde Utvikling AS org.nr. 963399243

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- I tråd med KO vedtak 115/23 kjøper Alver kommune 3 millionar aksjar i Gløde Utvikling AS org nr 963399243, for til saman kr 3.000.000,-
- Aksjekjøpet finansierast ved bruk av disposisjonsfond, og budsjettet vert justert tilsvarende.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Spørsmål om habilitet frå Nils Marton Aadland som styreleiar i Gløde. Samrøystes vedteke at han er inhabil og deltok difor ikkje under handsaming av dene saka.
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 093/23 Vedtak:

- I tråd med KO vedtak 115/23 kjøper Alver kommune 3 millionar aksjar i Gløde Utvikling AS org nr 963399243, for til saman kr 3.000.000,-
- Aksjekjøpet finansierast ved bruk av disposisjonsfond, og budsjettet vert justert tilsvarende.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

Bakgrunn

Gløde Utvikling AS sin situasjon var i KO sak 115/23 beskrive som vanskeleg og det var peika på ynskje om å få auka aksjekapital som mogeleg løysning. Kommunestyre har handsama saka og stilt nokre krav for å investere i selskapet:

1. Alver kommune er positive til å kjøpe aksjar i Gløde Utvikling As, for inntil kr 3.000.000,-. Det er ei føresetnad at dei andre eigarane sluttar seg til utvidinga, utan å krevje umiddelbar innløyning av sine eigardelar.
2. Kommunestyret bed om at Gløde AS utarbeidar naudsynt dokumentasjon og avtaler, som mellom anna sikrar at eksisterande aksjonere og Alver kommune sine retter og pliktar vert ivareteken.

3. Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere endeleg vedtak i saka, inkludert finansiering ved bruk av disposisjonsfond.

4. Kommunestyret bed kommunedirektøren ta initiativ til dialogmøte for dei vekstverksemdene som kommunen eig eller er majoritetseigar i. Målet med dialogmøte er å drøfte ein mogleg prosess om fusjon.

5. Tilskotssatsane på kommunalt finansierte tiltak skal vere av ein slik storleik at dei dekkjer kostnadene med tiltaket. Kommunestyret ber om at administrasjonen saman med attføringsverksemdene fastset riktig tilskotssats. Saka ønskes framlagt for kommunestyret så snart som mogleg. Satsen skal leggjast til grunn for tilskot på kommunale tiltak i verksemdene for alle deltakarar i tiltaket, for inneverande og kommande år.

Vurdering:

Gløde Utvikling AS har avhalde generalforsamling 26.09.23, kor dei svarar ut pkt. 1 og 2 i protokollen frå ekstraordinær generalforsamling. Formannskapet kan difor nytte delegert fullmakt til å avgjere saka.

Punkt 4 vert å kome tilbake til, når aksjekapitalutvidinga er på plass. Det er forventa at dette arbeidet vert påbegynt, og om mogleg fullført, i denne kommunestyreperioden.

Punkt 5 vert å kome tilbake til, men det er oppretta dialog mellom kommunen og selskapet.

Selskapet har også endra vedtektene § 6 for å sikre at næringsliv og brukarorganisasjonar skal være representert i styret.

I sak 115/23 var det omtalt nærare dei økonomisk utfordringane til selskapet, og at det er klart at dette er ei investering som ikkje har til hensikt å gje økonomisk avkastning, men i tråd med Alver kommune sin eigarskapspolitikk, eigarskapsmelding (del 1) gje andre former for utbytte. Dette kan eksempelvis være mål knytt til effektivitet og i nokre tilfelle ivaretaking av særskilde samfunnsoppgåver. I tillegg har selskapet opphavelg bede om meir aksjekapital, enn det som formannskapet har fått delegert fullmakt til å løyve. Dette betyr at det kan komme ny søknad og sak om utviding av aksjekapital, før punkt 4 er ferdig.

Etter emisjonen har Alver kommune 3.085.734 aksjer, av totalt 3.166.900 aksjer. Dette tilsvarer 97,44 % av aksjene i selskapet.

Vedlegg i saken:

16.08.2023	Rettet emisjon - Gløde Utvikling AS	1943231
13.06.2023	Saksframstilling til Alver kommune - emisjon i Gløde Utvikling AS	1945852
21.06.2023	Saksutdrag frå Generalforsamling i Gløde Utvikling AS 20.6.23 - Sak 9-23 Retta emisjon	1951366
08.08.2023	Saksframstilling til kommunestyret i Alver kommune 15.08.23 - emisjon i Gløde Utvikling AS(1121529)	1972515
02.11.2023	Protokoll ex. generalforsamling 26.09.23 i Gløde Utvikling AS	2014406